

Stord, 1. september 2023

Innspel til arbeid med auka FoU-innsats i næringslivet

Maritime CleanTech bidrar til FoU i næringslivet for å nå omstillingsmål

Maritime CleanTech er ein offentleg-privat samarbeidsarena på tvers av over 150 partnarar i den maritime verdikjeda som arbeider aktivt for grøen maritim omstilling. Me legg vekt på kvalifisering og demonstrasjon av teknologiar, oppbygging av nye verdikjeder, samt kommersialisering og eksport av grøne løysingar. I desse fasane koplar me små og store aktørar på tvers av maritim sektor, for eksempel i grøne utviklingsprosjekt eller skaleringsprogram.

Maritime CleanTech legg mellom anna til rette for risikoavlasting for deltakarane gjennom å styrka tilgangen på verkemiddel frå ulike ordningar, både norske og europeiske. Dei siste åra har me henta over 600 millionar kroner frå EU-program som Horizon 2020 og Horizon Europe. Dette har bidratt til utvikling og kommersialisering av verdsleiande grøen maritim teknologi, til dømes for elektrifisering av ferjer og hurtigbåtar og hydrogenbaserte framdriftsløysingar for offshorefartøy. Slik kan me kutta utsleppa frå skipsfarten, samtidig som me utviklar nye grøne verdikjeder og styrkar konkurransekrafta til norsk maritim næring. Det skaper grøne arbeidsplassar og nye eksportmoglegheiter.

Bruk klyngesamarbeid som katalysator for å fremja forskning og utvikling

I arbeidet med auka FoU-innsats i næringslivet vil me oppfordra regjeringa til å bruka og styrka etablerte samarbeidsarenaer som Maritime CleanTech. Gjennom våre effektive samarbeid kan me motivera og inspirera bedrifter til å delta i grøne innovasjonsprosjekt og samtidig bidra til å ta ned risikoen for den enkelte bedrifta.

Nasjonale klynger spelar ei nøkkelrolle for å styrka samarbeidet mellom næringar og fagmiljø. Me har mange gode eksempel på korleis ein gjennom klyngesamarbeid har identifisert og sikra etablering av forskings- og innovasjonsaktivitetar på tvers av verdikjeder. Forsking viser også at bedrifter som deltar i klyngesamarbeid er meir innovative og har både høgare verdiskaping og produktivitet – det vil seia verdiskaping per tilsett – samanlikna med andre, tilsvarende bedrifter.

Gjennom prosjekt og medlemsbedrifter har klyngene tilgang til eit breitt nettverk som får fram reelle forskingsutfordringar frå næringa, både nasjonalt og internasjonalt. Klyngene har også ei sentral rolle for å kopla på moglege samarbeid på tvers av næringar, og ikkje minst for å opna marknader for nye løysingar og teknologiar gjennom aktiv dialog med styresmaktene. Får me til gode samarbeid mellom forskingsmiljø og industri vil me styrka norske moglegheiter i internasjonal konkurranse om verkemidlar frå EU. Her er nasjonal satsing på klyngenes EU-rådgivingsrolle viktig.

I større forskings- og innovasjonsprosjekt deltar gjerne store, solide norske industri- og FoU-bedrifter. Samtidig veit me at det er høg innovasjonstakt og -vilje hos våre små og mellomstore verksemder over heile landet. For mange av desse er det gjerne ein stor terskel å delta i forskning og utvikling, og det trengst risikoavlasting gjennom ulike verkemiddel. Det er viktig for utviklinga av norsk næringsliv at FoU er tettare påkopla deltaking frå SMB-verksemder. Dette trengst for å sikra tilfang av nye idear og kommersialisering av nye løysingar. Her kan både verkemiddelaktørane og klyngene involverast.



**maritime
cleantech**

Norwegian Centre of Expertise

Bruk leiande nasjonal testinfrastruktur

Noreg har bygd opp verdsleiande testinfrastruktur for ny teknologi i katapultordninga. I dag kan norske verksemdar få risikoavlastning ved å testa nye løysingar i alt frå laboratorium på land til reell infrastruktur til havs. Katapultsentera skal bidra til å sikra at fleire klarer reisa frå idéfase via konseptfase til kommersialisering.

FoU-miljøa bør i større grad enn i dag gjere nytte av testinfrastrukturen og driva utprøving av nye løysingar saman med næringslivet. Det kan gje verdifull kompetanseoverføring og meir kvalifisert teknologiutvikling i næringa. FoU må koplast tett på eksisterande testinfrastruktur, som igjen kan utviklast vidare. For å sikra ei effektiv og rettferdig omstilling er det viktig at ein ikkje bygger opp parallell infrastruktur, men at ein utviklar vidare den allereie etablerte testinfrastrukturen.

Skap føreseielege rammevilkår for grøn maritim omstilling

DNV har i sitt siste omstillingsbarometer vist at omstillingstrykket i skipsfarten har gått frå lågt til svært lågt. Det viser at det trengst forsterka verkemiddel for grøn maritim omstilling om me skal nå målet om at Noreg skal vera ei grøn maritim stormakt internasjonalt. Langsiktige verkemiddel som sikrar føreseielege rammevilkår for grøn maritim omstilling vil også ta ned risikoen for bedriftene ved å delta i forskings- og utviklingsprosjekt for å realisera framtidens grønne løysingar for skipsfarten.

Differansekontraktar for nye drivstoff, investeringsstøtte for nye fartøy og støtte til utbygging av infrastruktur for landstraum, lading og nye drivstoff er aktuelle verkemiddel. Inntektene frå CO2-avgift og utsleppskvotar i EU, betalt av den maritime næringa, kan brukast til å delfinansiera slike ordningar.

Ada Martine Jakobsen

administrerande direktør, Maritime CleanTech

Håvard Tvedte

direktør for kommunikasjon og samfunnskontakt, Maritime CleanTech